

Saksprotokoll

Plan- og forvaltningsutvalet 10.12.2020

Sak: 72/20

Tittel: Saksprotokoll - Detaljreguleringsplan Bruflat - Grandmo
Arkivsak: 20/860

Behandling:

Plansjefen orienterte om planen, vurderingane av planen og nokre detaljar som ein ynskjer sjå litt nærare på.

Derfor tilråding som å ta med punkt 3 i vedtaket.

Utvalet drøfta planframlegget og konkluderte med at alternativ der byggjeområde BFS 3 vert planlagt med 3 einebustadtomtår skal prioriterast.

Rådmannen si tilråding, med endring sett fram i møtet, vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtek å leggje forslag til detaljreguleringsplan Bruflat – Grandmo ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningsloven § 12-10.
2. Plan- og forvaltningsutvalet stør rådmannen i dei vurderingane som er gjort i saksframlegget, og vedtek at planforslaget vert endra på dei punkt som saksframlegget drøftar og rår til endring på. *Plan for byggjeområde BFS 3 skal endrast til 3 einebustadtomtår.*
3. Plan- og forvaltningsutvalet gjev administrasjonen fullmakt til å gjere mindre justeringar og tilpassingar på kart og føresegner fram til utlegging til offentleg ettersyn.